

**KONTROLLUTVALET I  
STRANDA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato 26.01.2016 kl. 10.30 på «Høgda»  
Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Eva Rinde Habostad, Anne Melgaard og Ole Jørgen Sve

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå Stranda kommune møtte rådmann Åse Elin Hole og saksbehandlar Bjørnar Andersen.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 01/16**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 20.10. 2015**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 20. oktober 2015 blir godkjent.

**SAK 02/16**

**AVLYSING AV ANBODSKONKURRANSE VA-ANLEGG SVEMORKA – FURSET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.01.2016

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Det er kontrollutvalet si meining at ei avgjerd om avlysing av anbodskonkurranse må vere forankra i vedtak i eit politisk organ, kommunestyret eller det organ som har delegert mynde i slike saker.
2. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det ligg føre slikt vedtak i saka VA-anlegg Svemorka-Furset.
3. Etter reglement for formannskapet vedtatt i kommunestyret 02.09.2015, er formannskapet teknisk plan- og byggenemnd for alle bygge- og investeringsprosjekt som ikkje er lagt under fast plan og byggenemnd, også gjeldande anbod og kontraktsinngåing. For å sikre at kommunen gjer eit gyldig vedtak i anbodssaka, vil kontrollutvalet tilrå at spørsmålet om avlysing av anbodsrunder blir lagt fram for formannskapet, og deretter for kommunestyret for endeleg avgjerd.
4. Sakleg grunn ligg ikkje føre dersom kommunen burde ha føresett avlysningsgrunnen før konkurransen vart utlyst.

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

Helge Kvame  
nestleiar  
(sign.)

Eva Rinde Habostad  
medlem  
(sign.)

Anne Melgaard  
medlem  
(sign.)

Ole Jørgen Sve  
medlem  
(sign.)